

Statsforvalteren i Oslo og Viken  
Pb 325  
1502 MOSS

Vår dato: 29.11.2022  
Vår referanse: 22/79495- 1  
Dykkar dato:  
Dykkar referanse:

## Oversending av hjelpeskjema til KOSTRA landbruk for rapporteringsåret 2023

Vi viser til tidlegare års utsending av hjelpeskjema for kommunane si rapportering gjennom KOSTRA landbruk.

For å lette kommunane sitt arbeid med rapportering gjennom KOSTRA, har Landbruksdirektoratet også i år utarbeida eit hjelpeskjema i Excel-format der ein fortløpande kan føre inn behandla søknadar etter jordlov og konsesjonslov, og kva som vart utfallet av desse. Hjelpeskjemaet omfattar også fane for omdisponert areal frå reguleringsplanar etter plan- og bygningslova.

Vi ber om at statsforvaltarane snarast mogleg vidaresender hjelpeskjemaet i Excel-format til kommunane.

Dersom kommunane nyttar hjelpeskjemaet fortløpande gjennom heile 2023, vil arbeidet med den årlege rapporteringa på dette området bli enklare enn om ein må hente ut dei aktuelle sakene frå arkivet mot slutten av året.

Det er frivillig for kommunane å bruke dette hjelpeskjemaet, men vi anbefaler at kommunane tek det aktivt i bruk. Dette både av omsyn til kvaliteten på dei innrapporterte opplysningane og fordi det vil redusere arbeidsbyrda for kommunane ved rapporteringstidspunktet.

Vi minner om NIBIO sin KOSTRA-applikasjon som kan vere eit nyttig verktøy i rapporteringa til kommunane. Applikasjonen kan også nyttast i forbindelse med plansaker, konsekvensutgreiingar eller enkeltsaker etter jordlova. Verktøyet er implementert i kartportalen [Kilden](#). NIBIO har [informasjon](#) om tenesta og [brukarrettleiing](#) på sine sider.

Med helsing  
for Landbruksdirektoratet

Aud-Ingrid Krefting  
seksjonssjef

Ina Giil Solheim  
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.

Mottakar:

Statsforvaltaren i Møre og  
Romsdal

Statsforvaltaren i Rogaland

Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvalteren i Agder

Statsforvalteren i Innlandet

Statsforvalteren i Nordland

Statsforvalteren i Oslo og Viken

Statsforvalteren i Troms og

Finnmark

Statsforvalteren i Trøndelag

Statsforvalteren i Vestfold og

Telemark

Vedlegg:

Hjelpeskjema-2023